

Vestfold og Telemark – der mennesker møtes Kulturstrategi 2021 – 2024

Høringsfråsegn frå Telemark folkemusikklag

Generelle kommentarar

Telemark har gjennom lange tider framstått som eit av landets fremste kulturfylke. Fylket har fostra mange store kunstnarar innan litteratur, målarkunst, kunsthåndverk, brukskunst og tradisjonsmusikk og -dans. Det breie folkelege kulturengasjementet gjennom mange generasjonar har ført til den sterke stillinga Telemarkskulturen har den dag i dag. Den sterke stillinga har tradisjonsmusikken og -dansen synleggjort i til dømes landskappleiken, der Telemarksmusikarar og dansarar heilt frå første kappleiken i Bø i 1888 har markert seg med stor breidde og topp utøvarar.

Telemark fylkeskommune har frå tidleg på 1980-talet hatt eit sterkt ønskje om å bevare og vidareutvikle denne historisk sterke kulturytringa, og har bidratt med langsiktige og gode tilskotsordningar. Siste fylkestinget såg behov for å styrke innsatsen på dette området med å lyfte satsinga til eit «Fyrtårn folkekultur», dette for å framheve folkekulturen som eit av dei viktigaste satsingsområde.

I forarbeidet til samanslåing av fylkeskommunane Vestfold og Telemark vart den unike tradisjonskulturen i Telemark framheva som eit viktig bidrag til det nye fylket sin kulturprofil og eit viktig kjennemerke for ein større region.

I høringsutkastet til ny kulturstrategi er dette det einaste av dei tidlegare satsingsområdet i Telemark fylkeskommune som ikkje er tatt med vidare i den nye fylkeskommunen. (Derimot skal den nye fylkeskommunen satse stort på vikingtid og middelalder som Vestfold sitt bidrag inn i samarbeidet)

Tradisjonskulturen i Setesdal er av UNESCO utpeika som eit satsingsområde innan verdensarven. Det ville difor vere underleg om den tradisjonelle Telemarkskulturen skulle bli tildelt ein heilt anonym plass i den nye fylkeskommunen sin kulturstrategi.

Generasjonsskifte

Tradisjonsmusikken og -dansen er inne i eit generasjonsskifte der det er avgjerande viktig å styrke rekrutteringa mens ein enno har levande og aktive miljø i den vaksne og eldre befolkninga. Spesielt innan tradisjonsdansen er dei aktive utøvarane i ferd med å nå ein høg alder. Det synest også vanskeleg å rekruttere ungdom til desse miljøa. Skal ein lukkast med rekruttering til denne aktiviteten må ein starte grunnopplæring med aldersgrupperte opplegg og etter kvart søke samarbeid med dei eldre tradisjonsbærarane. Utan ein levande tradisjon med aktive utøvarar er det vanskeleg å overføre denne kunnskapen til ein ny generasjon, det er viktig å «smi mens jernet er varmt».

Kulturdepartementet arbeider med ein strategi for folkemusikk og folkedans

Kulturdepartementet har innsett at tradisjonsmusikken og dansen har langt dårlegare rammevilkår enn resten av fritidsmusikklivet. Regjeringa arbeider difor med ein nasjonal strategi for folkemusikk og folkedans, eit arbeid som skal vedtakast innan sommaren 2021.

Strategien skal ikkje berre ta for seg dei statlege strukturane, men sjå på utfordringane og samanhengen på alle forvaltningsnivåa.

Vestfold og Telemark fylkeskommune sin kulturstrategi 2021-2014, bør fange opp hovedpunktta i den varsla nasjonale strategien i inneverande planperiode. Det viktigaste grepet for å fange opp dei nasjonale føringane vil vere å formulere overordna målsettingar og strategiar for tradisjonskulturen i regionen.

Framlegg til konkrete innspel.

2. Hovedtemaer, mål og tiltak

2.1.1. Mål

Nytt kulepunkt: «**Styrke den immaterielle tradisjons- og folkekulturen**»

2.1.2. Tiltak

Nytt punkt (under kulepunkt ein ..)samarbeide med..... om følgende satsinger)

«immateriell tradisjons- og folkekultur»

Fråsegna vart behandla i styremøte den 3. februar.

Vedtak: Fråsegna vart vedtatt å sende i den utsende forma. Einstemmig

Beste helsing

Kjell Stundal, styreleiar